



Forord

Avfall er ikkje det som det ein gang var! Sirkulær økonomi, ombruk og utsleppsreduksjon er i fokus. Noko heilt anna enn den gangen avfall var noko samfunnet skulle bli kvitt, ikkje ein ressurs vi skal ta godt vare på.

Avfallsbransjen har blitt ein veldig spennande bransje, og i VØR opplever vi at vi er midt i der det skjer – både i høve til samfunnsutvikling og miljømål. Alle snakkar om miljøet idag, og i VØR kjenner vi på at vi verkeleg har sjansen til å gjere noko med det.

No jobbar vi for å rigge VØR for framtida. Vi treng å støtte alle dei nye krava som kjem nasjonalt og utvikle tenester som innbyggjarane etterspør og treng. Vi må også finne ein god balanse mellom kostnader, prisar og ambisjonar. Eitt særleg viktig steg for å rigge VØR for framtida var strategiarbeidet som vi gjennomførte i 2023. Her sette vi fem fokusområde vi skal jobbe særleg med framover og ha tydelege målsettingar for:

- Berekraft
- Klima og miljø
- Kvalitet
- Profesjonalitet
- Samarbeid

Det er eit langsiktig løp vi er i gang med. For at VØR skal lukkast med det, er det viktig med aktive eigarar og eit styre som klarer å gjere gode, langsiktige val for selskapet. Ekstra viktig er det at vi har engasjerte og kompetente tilsette som kvar dag sitt beste for å yte gode tenester. Og ikkje minst er det viktig at VØR har motiverte abonnentar som utfører sin viktige del av oppgåva, nemleg sorteringa.

Sortert avfall gir verdi! Det er VØR sitt slagord, og det stemmer betre enn nokon gang. Når sorteringa vert gjort rett på første forsøk – heime hos abonnenten eller på miljøstasjonen – får råstoffet betre kvalitet, og vi unngår ettersortering, ekstrakostnader og brannfare. Så fortsett å sortere og fortsett det gode miljøarbeidet i Volda og Ørsta!



Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar

INNHALD

Avfallsrekneskap 2023	s 4
Avfall per innbyggjar	s 5
Kva skjer med avfallet vårt?	s 6
Strategiarbeid	s 10
Revisjon av hushaldningsplasten	s 12
Auka krav til kvalitet	s 13
Fagtur for alle tilsette	s 14
Fagbrev i gjenvinningsfaget	s 16
Nytilsette i 2022	s 17
Vinnarar av Returkartonglotteriet	s 18
Nokre glimt frå året 2023	s 19
Resultatrekneskap 2023	s 20
Melding frå revisor	s 24
Årsmelding 2023	s 27

Avfallsrekneskap 2023

Avfallstype	2022 (i tonn)	2023 (i tonn)	Nedgong/ oppgong i %	Type gjenvinning
Innsamling				
Papir, papp og kartong	619	673	8 %	Material
Glas- og metallemballasje	321	318	-1 %	Material
Plastemballasje	215	175	-23 %	Material
Restavfall	1982	1685	-18 %	Energi
Matafall	1378	1390	1 %	Material
Miljøstasjon				
EE avfall	186	185	-1 %	Material
Metall frå miljøstasjon	222	224	1 %	Material
Tekstil (frå begge kommunar)*	98	75	-23 %	Ombruk
Gummi	72	41	-43 %	Material
Hageavfall	803	551	-31 %	Material
Grovavfall	450	483	7 %	Energi
Trevirke	376	373	-1 %	Material
Farleg avfall**	346	278	-20 %	Material/Energi /Deponi
Uorganisk avfall (Isolasjon, stein, betong, flis)	185	108	-42 %	Deponi
Gips	42	55	31 %	Material
Hardplast	4	32	700 %	Material
EPS	3	3	0 %	Material
Papp frå miljøstasjon	123	108	-12 %	Material
Slam				
Slam	454	226	-50 %	Material
Totalt				
	7781	6908	-11 %	
Til materialgjenvinning (t)	4386	4432	1 %	
Materialgjenvinningsgrad	56,4	64,2	14 %	
Til energigjenvinning (t)	3158	2337	-26 %	
Energigjenvinningsgrad	40,6	33,8	-17 %	
Til deponi (t)	237	139	-41 %	
Deponigrad	3,0	2,0	-34 %	


* Tekstil blir ikkje rekna med i vårt avfallsrekneskap sidan dette per i dag ikkje er eit kommunal tansvar.

** Farleg avfall blir sendt til både materialgjenvinning, energigjenvinning og deponi.


11% vart sendt til deponi, 61 % til energigjenvinning og 28% til materialgjenvinning i 2023.

VØR samla inn og tok i mot til saman 6908 tonn med avfall frå private hushaldningar i 2023. Dette er ein reduksjon på 11% i høve 2022. Nedgongstider i norsk økonomi med høge renter og inflasjon er nok ei av hovudårsakene til nedgongen.

Avfall per innbyggjar



Avfall per innbyggjar fordelt på fraksjon i kg




Kva skjer med avfallet vårt?




Avfallspyramiden er ein figur som illustrerer prioriteringane i norsk avfallspolitikk og EU sitt rammedirektiv for avfall. VØR jobbar kvart år med å flytte avfallet oppover i pyramiden og behandle avfall så nærst toppen av pyramiden som mogleg. Så lite som mogleg av avfallet vårt skal behandlast i den nederste delen av pyramiden, og mest mogleg skal flyttast oppover i hierarkiet.

I 2023 flytta vi desse fraksjonane oppover i hierarkiet:

- All hardplast som vart utsortert i miljøstasjonen vart sendt til materialgjenvinning i staden for til energigjenvinning.
- Alt trevirke utanom impregnert trevirke gjekk til materialgjenvinning og ikkje noko til energigjenvinning.
- Alt av hageavfall gjekk til materialgjenvinning og ikkje noko til energigjenvinning.



Materialgjenvinning 4432 t



Materialgjenvinning er ein prosess der ulike typar avfall blir samla inn, sortert og behandla for å kunne nyttast om igjen. Materialgjenvinning bidreg til å redusere behovet for å hente ut nye ressursar frå naturen og er eit viktig bidrag til ein meir sirkulær økonomi.

Ved å gjenvinne materiale sparar ein både energi og ressursar, samtidig som ein reduserar utslepp av klimagassar ved å ikkje sende avfall til energigjenvinning. Ein utnyttar avfallet på ein meir berekraftig måte og sparar på ressursane til våre framtidige generasjonar.


I 2023 sendte vi heile 64,2 % av alt avfall som vart samla inn med renovasjonsbil eller tatt i mot på miljøstasjonane våre til materialgjenvinning. Dette er eit rekordhøgt tal for oss i VØR og er langt over landsgjennomsnittet.





Energigjenvinning

2337 t




Energigjenvinning skjer ved at ein del av avfallet vårt blir sendt til forbrenning og at energien frå forbrenninga blir nytta å produsere varme og eller elektrisitet. Samtidig tek ein helse- og miljøskadelege stoff ut av kretsløpet.

I 2023 sendte vi 33,8% av avfallet vårt til energigjenvinning, og det meste av denne mengda gjekk til Tafjord Kraftvarme AS i Ålesund. Dette er ein reduksjon på 17% i høve 2022, frå 3158 tonn til 2337 tonn. Vi har flytta mykje av avfallet som tidlegare vart sendt til energigjenvinning oppover i avfallspyramiden til materialgjenvinning. Dette er gunstig både økonomisk og miljømessig.



Deponi 139 t



Deponering av avfall er å grave ned avfallet på fyllingar. Dette skjer i dag under kontrollerte og forsvarlege tilhøve på deponi som er strengt regulerte. I Norge er det dessutan ikkje lov til å deponere avfall som kan brytast ned.

I 2023 sendte vi 2% av avfallet vårt til deponering. Dette er ein reduksjon på 1 prosentpoeng frå året før, og tilsvarar ein reduksjon på 98 tonn. Vi har også her flytta avfall oppover i hierarkiet og bidrege til ei meir berekraftig handtering av avfallet vårt.

Strategiarbeid og omorganisering

I 2023 gjorde VØR eit omfattande strategiarbeid og vedtok hausten 2023 ein ny strategiplan for 2024-2027.

Heile organisasjonen med i prosessen

Strategiarbeidet involverte heile organisasjonen, frå eigarkommunane til dei tilsette i dei ulike avdelingane. Utarbeiding av ny strategi starta med eit møte med eigarkommunane våre Volda og Ørsta før vi hadde allmøte med blant anna gruppearbeid for dei tilsette i VØR. Vi fortsette med strategisamling for leiargruppa, administrasjonen og styret i VØR før vi utarbeida eit forslag til ny strategiplan. Denne var så på høyring og presentert for alle i administrasjonen i VØR, før den vart behandla i styret og representantskapet.

VØR sine verdier

Gjennom strategiarbeidet vart visjonen og verdiane til VØR reviderte og forankra i organisasjonen. VØR sin visjon er å arbeide for ein sirkulær økonomi i framtida. VØR skal medverke til avfallsreduksjon, betre kjeldesortering og auka ombruk blant innbyggjarane i Volda og Ørsta. Vi skal opptre som ein ansvarleg samfunnsaktør og levere gode, rasjonelle og miljøvenlege tenester til innbyggjarane i kommunane våre.

Dette skal ein oppnå gjennom dei gode verdiane kompetent, lagspelar, engasjert og miljøbevisst. VØR sin hovedbodskap og slagord er framleis "Sortert avfall gir verdi".



Strategisamling for leiargruppa i VØR. Regine Aklestad frå Volda kommune held innlegg om deira berekraftsarbeid.

Fem fokusområde

I strategiplanen legg vi fram fem område som vi vil fokusere på dei neste åra. Under kvart fokusområde har vi eit hovudmål som er målbart og som vi skal prøve å oppnå dei neste åra. Fokusområda framover er:

- Berekraft
- Klima og miljø
- Kvalitet
- Profesjonalitet
- Samarbeid

I strategiplanen er hovudmåla brutt ned i ein handlingsplan fram mot 2027.

Berekraft

65 % materialgjenvinning og ombruk innan 2030.

Klima og miljø

Minimere CO2-utslepp og hindre skade på miljøet

Kvalitet

Vi skal levere betre råvarer og ha god kvalitet i tenestetilbodet

Profesjonalitet

Vi skal forbetre og rasjonalisere tenester, anlegg og auke digitaliseringa

Samarbeid

Vi skal inngå samarbeid som gjer oss betre, sparar kostnader og gir fordelar for drifta.

VØR sine mål for dei komande åra (2024-27)

Strategiarbeid og omorganisering

Berekraftsmål

I 2015 vedtok FN 17 berekraftsmål som alle medlemsland er forplikta til. VØR sine aktivitetar og mål skal vere i tråd med FN sine berekraftsmål. Gjennom VØR sitt samfunnsoppdrag medverkar vi både direkte og indirekte kvar einaste dag for at ein skal nå berekraftsmåla.

Det er spesielt fire av berekraftsmåla som er relevante for at vi skal kunne nå våre fem hovudmål. Dette er mål 11 (berekraftige byar og lokalsamfunn), mål 12 (ansvarleg forbruk og produksjon), mål 13 (stoppe klimaendringane) og mål 17 (samarbeid for å nå måla).

Omorganisering


Medan vi jobba med strategiarbeidet og prosessen rundt dette, såg vi at vi også måtte rigge organisasjonen og omorganisere oss for å nå dei måla som vi sette oss, og dei krava som kjem frå nasjonale mynde.



Dei fire berekraftsmåla som VØR ser som relevant dei komande åra.

Det vart difor parallelt sett i gong eit arbeid med å ruste organisasjonen, slik vi kan nå dei mål og krav som er sett til oss. I tillegg har det i dei siste åra vore ein del folk i konstituerte stillingar. Dette måtte også settast og avklarast. Gjennom samtalar med kvar enkelt person i VØR om motivasjon, kva dei ønskjer og ikkje minst positive og negative

tankar om organisasjonen, fekk leinga eit grunnlag å ta med vidare inn i trepartsmøter. I trepartsmøta deltek leing, verneombod og tillitsvalt. Hausten 2023 vart det lagt fram eit forslag til nytt organisasjonskart for VØR, og dette jobbar vi no med å iverksette.



Forslag til nytt organisasjonskart lagt fram hausten 2023.

Kvalitetskontroll på plasten

I mars 2023 hadde VØR revisjon på husholdningsplasten som vi samler inn og tar i mot frå innbyggjarane i Volda og Ørsta. Revisjonen gav eit rekordgodt resultat for VØR sin del, og vi var i 2023 blant dei beste i landet på god kvalitet.

Plastretur AS

Det er returselskapet Plastretur som har ansvar for gjenvinning av plastemballasje i Grønt Punkt Norge-systemet. VØR leverte 175 tonn plastemballasje i 2023 til Plastretur. Dette vart så sendt til eit anlegg i Kedenburg i Tyskland. Der blir plasten til råstoff for nye produkt.

Godt revisjonsresultat

Kvalitetskontrollen vart gjort på eit tilfeldig utval husholdningsplast som var samla inn frå innbyggjarar i kommunane våre. 380 kg plastemballasje vart kontrollert og revisjonen viste at det var 4,3% forureining. Dette er innanfor Plastretur sine kvalitetsmål som er maksimalt 5 % forureining. Plastretur godtek også opptil 10% forureining dersom ein sett i gong forbetringstiltak.

Plastretur var veldig fornøgd med resultatet til VØR og med det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet som har alt av husholdningsplast under tak. Dei var også godt nøgde med innsatsen til dei tilsette som var med på sorteringsanalyse og sette stor pris på at



Steffen, Werner og Ove frå VØR djupt konsentrert med analysearbeidet.

lokalavisene tok turen for å lage sak om revisjonen.

Sikrar høg materialgjenvinningsgrad
Plastretur seier at kvalitetsrevisjon er ein viktig del av deira arbeid med å verifisere at inngåtte avtaler blir haldt og dermed også sikrer høg materialgjenvinningsgrad

og riktig rapportering til myndighetene.

Forureiningane som vi fann i revisjonen var gjenvinnbare plastprodukt, vednett, restavfall, papir, ee-avfall/farleg avfall og metall. Men dette var små mengder, og volumet var mest på plast som ikkje var plastemballasje.



Hans Peter saman med Kristian Nordby frå Plastretur AS.

Auka krav til kvalitet

Det siste året har vi i VØR utført mange kvalitetskontrollar på innhaldet i dunkane til abonnentane våre. Dette har ført til betre kvalitet på avfallet som vi samlar inn og sender vidare til materialgjenvinning.

God kvalitet gir betre vilkår

Det stillast stadig strengare krav til kvalitet på avfallet som blir sendt vidare til behandling, anten det skal gå til deponering, energigjenvinning eller materialgjenvinning. Så reine fraksjonar som mogleg er det vi jobbar for. Dess betre kvalitet dess betre vilkår, noko som igjen gir lågare avfallsgebyr for abonnentane våre. Det siste året har vi i VØR utført mange kvalitetskontrollar på innhaldet i dunkane til papir og glas- og metallemballasje i tillegg til sekkane med plastemballasje. Dette har ført til betre kvalitet på avfallet som vi samlar inn og sender vidare til materialgjenvinning. Vi har kunna køyrt det meste rett frå renovasjonsbil og til pressing på Melsgjerdet utan ettersortering.

Midlar frå kommunikasjonsfondet
I april 2023 søkte VØR kommunikasjonsfondet til Sirkel og Norsk Metallgjenvinning om midlar for å forbetre kvaliteten på glas- og metallemballasjen i dunkane som vi tømmer. Vi fekk kort tid etter melding om at vi hadde fått 120.000 kroner for tiltak som kunne



Lærling Steffen er ute på rute og kontrollerar kvaliteten i dunkar med glas- og metallemballasje

forbetre kvaliteten. Desse midlane har i 2023 vore nytta til å produsere opp avvikslappar og utføre manuell kontroll av alle dunkane til glas- og metallemballasje. Dette har gitt resultat i form av redusert manuell ettersortering, betre kunnskap ute hjå abonnentane og lite trekk i oppgjeret frå mottaksanlegget.

Kostbart med energigjenvinning

Å få reine fraksjonar på det som går til materialgjenvinning er viktig, men det blir også stadig viktigare å få ut alle ressursane som kan gå til ombruk eller materialgjenvinning frå restavfallet. Å sende avfall til forbrenning har blitt veldig kostbart dei siste par åra og dyrare er det venta at det blir. Dette skuldast at myndigheitene har lagt på ei CO₂-avgift på avfall som går til forbrenning.

Regjeringa har innført denne avgifta med omsyn til klimapolitikken som er vedteken, og dermed blir utslepp frå avfallsforbrenning prisa på same nivå som andre utslepp. Føremålet med CO₂ avgifta på avfallsforbrenning er å fremme sortering og få meir materialgjenvinning av avfallet vårt, i tillegg til å redusere CO₂-utsleppet vårt.



Ved for dårleg kvalitet vert dunkane merka med avvikslapp.

Fagtur for alle tilsette

.....



Fredag 24. november var eit nesten fulltallig VØR på fagtur til Vartdal Gjenvinning avd. Vartdal og Tafjord Kraftvarme AS i Ålesund.

Vartdal Gjenvinning AS
På Vartdal fekk vi omvising på anlegget og ei orientering om selskapet av dagleg leiar Stian Worren-Lystad. Hjø Vartdal Gjenvinning si avdeling på Vartdal blir noko av avfallet som dei tar i mot sendt vidare for behandling, men mykje av avfallet blir sendt gjennom deira eige fragmenteringsanlegg. Anlegget knuser, reinsar og sortera jern og andre metall slik at desse kan bli til nye råvarer og nyttast

på nytt. VØR sendte i 2023 185 tonn elektronikk og 224 tonn med metall til Vartdal Gjenvinning. Det var difor nyttig å sjå kva som skjer med dette etter at det har gått ut frå vårt anlegg i Hovdebygda.

På besøk hjå Tafjord Kraftvarme AS
Etter besøket på Vartdal tok vi turen over fjorden til Tafjord Kraftvarme AS sitt anlegg i Ålesund. VØR sendte i 2023 heile 2168 tonn med restavfall til forbrenning, og det meste av dette gjekk til Tafjord Kraftvarme AS sitt anlegg. I Ålesund blei vi møtt av Karin Nystøl og Irene Vik frå Tafjord Kraftvarme AS. Vi starta med ei omvising på anlegget før vi fekk

ei orientering om kva som skjer med energien og varmen som dei produserer av avfallet vårt.

Fjernvarmen frå anlegget i Breivika dekker meir enn 25% av Ålesund sitt behov for oppvarming og restavfallet vår varmar blant anna opp sjukehuset i Ålesund.

Ein lærerik tur
Fagturen var ein lærerik dag for dei tilsette i VØR. Vi fekk eit betre innblikk i korleis nokre av dei fraksjonane vi sender frå oss blir behandla og korleis dei blir til nytte som anten energi eller nye råvarer. Dagen vart avslutta med felles middag og sosialt samvære.



Fragmenteringsanlegget til Vartdal Gjenvinning AS på Vartdal produserar på det jamne 150 tonn jern per dag. Jernet blir frakta på båtar ut frå Vartdal og til omsmelting på anlegg i Noreg eller i Europa.



Stian Worren-Lystad orienterar om konsernet og avdelinga på Vartdal.



Dagleg leiar i Taffjord Kraftvarmt AS, Irene Vik, viser oss rundt på anlegget og orienterer om prosessane som skjer ved anlegget.



Det brann godt i anlegget til Taffjord Kraftvarme AS då vi var på besøk. Her blir det produsert mykje god energi og fjernvarme til innbyggjarane i Ålesund kommune.

Fagbrev i gjenvinningsfaget

Den 24. oktober fekk Steffen Myklebust det synlege beviset på at han har bestått fagprøva i gjenvinningsfaget.

Eit kjent ansikt

Steffen er eit kjent ansikt i VØR samanheng, for han har arbeidd i fleire år som vikar og tilkallingshjelp på miljøstasjonen og som hjelpemann på renovasjonsbil. Gjennom desse åra har han opparbeidd seg mykje nyttig praksis og kunnskap som vart veldig nyttig i læretida og ved fagprøva.

Fagprøve i oktober

I løpet av to arbeidsdagar i oktober 2023 fekk Steffen vist sensorane kor mykje han har lært den tida han har vore lærling i VØR gjennom den praktiske delen av fagprøva si. Desse dagane fekk han vist kor allsidig han er med både handtering av kundar i vekta og på miljøstasjon, lasting og lossing av avfall med hjullastar og handtering av farleg avfall.

Det var ein glad og letta Steffen som fekk det synlege beviset på at han no er fagarbeidar i gjenvinningsfaget etter to dagar med sensorar på slep.



Steffen med det synlege beviset på at han no er fagarbeidar i gjenvinningsfaget

Auka kunnskap

Steffen har gjennom læretida fått auka kunnskap og praksis når det gjeld handtering og forvaltning av avfall og meir kunnskap om ressursane som finnst i avfallet. Han har også fått meir kompetanse og innsikt i korleis vi i vår bransje kan bidra til ei meir berekraftig utvikling. Dette vil vere nyttig også i tida framover, ettersom Steffen kort tid etter å ha bestått fagprøva signerte kontrakt på fast tilsetjing i VØR.

Feiring med kake

Det er ikkje kvart år VØR har tilsette som tar fagbrev så dette vart sjølvsagt feira saman med kollegaene i VØR. Det var servering av pølser og kake på møterommet og ei kjekk markering av at vi har fått enda ein tilsett med fagbrev i organisasjonen.

Nytilsette i 2023



Werner Riksheim (24) vart tilsett som driftsoperatør på Melsgjerdet 01.03.23.

Werner kom frå stillinga som knuseverksoperatør i Vasto Pukk AS og har vore i anleggsbransjen sidan han tok fagbrev hjå Volda Maskin.

Hege Strandhagen (55) vart tilsett som logistikk- og innkjøpsansvarleg 01.03.23.

Hege kom frå stillinga som rådgjevar for konserninnkjøp i Ålesund kommune og har elles erfaring innan offentlege anskaffingar frå ulike direktorat.



Steffen Myklebust (24) vart tilsett som fagarbeidar med ein tilleggsfunksjon som koordinator for miljøstasjonen 01.12.23.

Steffen Myklebust har det siste året vore lærling i gjenvinningsfaget i VØR og fekk hausten 2023 fagbrev i gjenvinningsfaget.



Vinnar av Returkartonglotteriet

Det blir gjenvunne så mykje som 12.000 tonn drikkekartongar per år og Returkartonglotteriet har eksistert sidan 1997.

Gjennom desse åra har folk rundt om i landet deltatt gjennom konseptet «skyl, Brett og stapp». Kvart år trekk Grønt Punkt Norge ut 124 vinnarar som deler ein pott på 1,6 millionar kroner.

Frå 2022 vart det ikkje lenger eit krav om at ein må lage ein kubbe med sju kartongar for å vinne toppgevinsten. Det er no nok å skrive namnet på ein enkelt kartong for å vere med i trekkinga.

Kvart kvartal blir det trekt ut kartongar på 80 ulike stadar rundt om i landet. Avhengig av innbyggjartal blir det trekt ut mellom ein og sju kartongar i dei ulike selskapa. Kvart kvartal trekk vi i VØR ut ein kartong med namn på som er med i den nasjonale trekkinga. I 2023 hadde vi ein heldig vinnarar som vann 10.000 kroner, og den heldige vinnaren var Tommy Aalhus frå Ørsta.



Tommy Aalhus er eit godt døme på at det nyttar å sortere ut kartong og skrive namnet sitt på desse.



Dette er Returkartonglotteriet

- Alle kan delta og vinne i lotteriet – privatpersonar, bedrifter eller organisasjonar, skular, barnehagar, idrettslag og liknande.
- Kvart år blir det delt ut premier for til saman 1,6 millionar kroner. Dette blir fordelt på 120 premiar på 10 000 kroner og 4 premiar på 100 000 kroner.
- For å delta må ein skrive namn og telefonnummer på den som ein vil skal vinne på kartongen, og levere den/dei i papirdunken som blir tømt av VØR.
- Ein kan skrive namn både på kubbar (6 kartongar i den sjuande) og enkeltkartongar.
- Drikkekartongane kan vere i ulike storleikar og ein kan levere kartongar frå alle type mjølk, kefir, juice, saus, pudding, vin og drikkeyoghurt.
- NB! Skyl kartongen godt før ein legg den i papirdunken.

Nokre glimt frå året 2023



I juni hadde vi felles brannøving saman med Retura Søre Sunnmøre AS. Myklebust Brannsikring laga eit opplegg der vi blant anna fekk teste ulike måtar å slökkje på. Veldig nyttig og veldig viktig kunnskap å ta med seg vidare.

Vi har i 2023 hatt fleire besøk av skuleklasser, både frå barneskular og vidaregåande skular. Vi har også hatt ein del flyktningar på besøk for å lære meir om korleis vi skal sortere avfallet vårt. Alltid kjekt med slike besøk.

På biletet ser vi ei klasse frå Vikemarka skule som tok turen til oss i mai 2023.



I november tok kvalitet- og kommunikasjonsleiar Anne Mette turen til Nederland saman med andre interkommunale selskap for å sjå på sorteringsanlegg for hushaldningsplast. Turen var arrangert av Plastretur AS som tar i mot hushaldningsplasten frå VØR.

Det er alltid nyttig å lære meir om kva som skjer med avfallet som vi samlar inn og treffe andre frå same bransje.

RESULTATREKNESKAP 2023

	Note	2023	Budsjett 2023	2022
Driftsinntekter				
Salsinntekt		45 057 295	44 579 635	46 446 378
Andre driftsinntekter		144 155	30 000	72 735
Sum driftsinntekter	1	45 201 450	44 609 635	46 519 113
Driftskostnader				
Varekostnad		-90 854	-152 000	-571 486
Lønnskostnad	2, 3, 4, 5	-16 468 116	-15 220 207	-14 017 145
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	6, 7	-5 737 958	-6 376 520	-4 392 238
Andre driftskostnader	8	-25 533 374	-22 650 752	-24 729 490
Sum driftskostnader		-47 830 301	-44 399 479	-43 710 359
Driftsresultat		-2 628 851	210 156	2 808 754
Finansinntekter				
Anna renteinntekt		222 716	350 000	294 396
Anna finansinntekt		1 466 422		798 566
Sum finansinntekter		1 689 138	350 000	1 092 962
Finanskostnader				
Annan rentekostnad		-5 043 638	-5 254 846	-2 878 101
Annan finanskostnad		-428		-1 265
Sum finanskostnader		-5 044 067	-5 254 846	-2 879 366
Netto finans		-3 354 928	-4 904 846	-1 786 403
Resultat før skattekostnad		-5 983 780	-4 694 690	1 022 350
Skattekostnad	9, 10	393 793		-57 210
Årsresultat		-5 589 987	-4 694 690	965 140
Overføringer				
Overføringer til/frå fond		-5 875 900		340 282
Annan egenkapital		285 913		312 521
Sum overføringer		-5 589 987		652 803

BALANSE

	Note	31.12.2023	31.12.2022
Eigendelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigendelar			
Utsett skattefordel	10	661 927	268 134
Sum immaterielle eigendelar		661 927	268 134
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6	124 291 784	127 928 524
Maskiner og anlegg	6	6 828 042	4 852 313
Driftslausøre, inventar, verkøy, kontormaskiner, ol.	6	5 738 592	6 619 277
Sum varige driftsmidler		136 858 418	139 400 114
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	4	1 487 425	1 439 527
Andre langsiktige fordringar	11	760	760
Sum finansielle anleggsmidler		1 488 185	1 440 287
Sum anleggsmidler		139 008 530	141 108 535
Omløpsmidlar			
Varer			
Varer		306 466	214 072
Sum varer		306 466	214 072
Fordringar			
Kundefordringar	8	2 533 491	3 684 107
Andre kortsiktige fordringar	12	2 919 392	4 352 417
Sum fordringar		5 452 883	8 036 524
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	13	1 501 114	690 653
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 501 114	690 653
Sum omløpsmidlar		7 260 464	8 941 248
Sum eigedelar		146 268 994	150 049 783

	Note	31.12.2023	31.12.2022
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	14	14 061 196	13 775 283
Sum opptent eigenkapital		14 061 196	13 775 283
Sum eigenkapital		14 061 196	13 775 283
Gjeld			
Annan langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	121 721 346	122 132 212
Sum annan langsiktig gjeld	7	121 721 346	122 132 212
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	638 831
Leverandørgjeld		4 699 802	2 510 500
Skuldige offentlege avgifter	13	1 142 907	1 101 465
Annan kortsiktig gjeld	12	4 643 743	9 891 494
Sum kortsiktig gjeld		10 486 452	14 142 289
Sum gjeld		132 207 798	136 274 501
Sum eigenkapital og gjeld		146 268 994	150 049 783

Hovebygda 03.04.2024

Hallvard Bjørneset
Styreleiar

Anne Kirsten Ellingsen
Nestleiar

Henriette Hafsaas
Styremedlem

John Helge Bjørndal
Styremedlem

Ove Myklebust
Styremedlem valgt
av dei tilsette

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar

Investeringar og finansiering

	2023	2022
Investeringar anleggsmiddel	3.196.262	57.991.449
Investeringar aksjar	47.898	0
Avdrag på lån	8.910.866	6.915.479
Nedbetalt kassekreditt	638.831	0
Arets finansieringsbehov	12.793.857	64.906.928
Finansiert ved:		
Auke i låneopptrekk	8.500.000	30.000.000
Auke i kassekreditt		638.831
Kontantstrøm frå drifta og tidligare låneopptrekk	4.293.857	34.268.097
Sum finansiering	12.793.857	64.906.928

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapspraksis for små føretak. Salsinntekter inntektsføres ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige eller bruk. Eigedelar som er knytta til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar blir klassifisert som omløpsmiddel dersom dei forfell til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Tilsvarande blir gjeld klassifisert som kortsiktig hvis gjelda forfell til betaling innan eitt år. Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare enn eitt år etter transaksjonsdagen. Første års avdrag på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld blir likevel ikkje klassifisert som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld. Omløpsmiddel blir vurdert til lavaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel blir vurdert til anskaffelseskost. Varige anleggsmiddel blir avskrivne etter ein fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlane blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetningar blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lavast verdi av anskaffelseskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. For råvarer er gjenanskaffelseskost vurdert som tilnærming til verkeleg verdi. Det blir foretatt nedskrivning for påreknede ukurans.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmidlar blir balanseført og avskrivne over driftsmidlane si levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstig kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostingar eller forbetringar blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Elles er følgende rekneskapsprinsipp nytta:

Forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseført - kostnaden er lik premien. Pensjonsforpliktelsar knytta til AFP-ordninga er ikkje balanseført. Leigeavtalar er ikkje balanseført. Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta er verdsett til kursen ved regnskapsårets slutt. Kursvinstar og kurstap i utanlandsk valuta føres som finansinntekt og finanskostnad.

Sjølvkostfond

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I samsvar med Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I samsvar med retningsliner for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunal- og Distriktsdepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3 til 5 års perspektiv for å utjamne svingingar i inntekter og kostnader. Det skal utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen skal akkumulert over- eller underskot klassifisert som kortsiktig gjeld eller og kortsiktig fordring.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapsprinsippet omfattar både betalbar skatt i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er utrekna med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserende midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i samme periode er fastsett og skattevirkningen er utrekna på nettogrunnlaget. Selskapet har ikkje endra rekneskapsprinsipp frå 2022 til 2023, med unntak av at sjølvkostfonda ikkje lenger er klassifisert som eigenkapital.

Note 1 - Salsinntekter

Kategori	Hushaldning	Slam	Utleige	Sum inntekter 2023
Gebyr	34.384.447	1.405.345		35.789.793
Kontantsal	2.269.156			2.269.156
Leigeinntekt			3.942.583	3.942.583
Sal avfall	764.473		1.955.121	2.719.595
Diverse	361.897	5.150	113.276	480.323
Totalsum	37.779.974	1.410.495	6.010.981	45.201.450

Note 2 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2023	2022
Lønn	11 499 164	10 570 645
Arbeidsgiveravgift	1 988 841	1 679 413
Pensjonskostnader	2 599 940	1 378 484
Andre relaterte ytelser	380 171	388 602
Sum	16 468 116	14 017 144

Note 3 - Yting til leiande personar

	Lønn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjersle
Yting til dagleg leiar	875 275	121 593	7 878

Leiande person	Lønn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjersle
Styre og Representantskap	0	0	201 654
Kostnadsført revisjonshonorar (andre driftskostnader)	0	0	28 800
Total yting til andre leiande personar	0	0	230 454

Note 4 - Obligatorisk tenestepensjon

Verksemda er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga oppfyller krava etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Meir om obligatorisk tenestepensjon

Selskapet har ei offentlig kollektiv pensjonsordning for sine tilsette i KLP Forsikring. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2023 er det betalt kr. 47.898 som er balanseført som eigenkapitalinnskot. Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 706.239. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon, som saman med folketrygda sine ytingar, utgjer ein samla pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har òg ei offentlig AFP-ordning for dei tilsette. Ordninga gir også uførepensjon og etterlattepensjon. Dette gir dei tilsette ekstra tryggleik og økonomisk stabilitet for framtida.

Note 5 - Tal årsverk

Det har i gjennomsnitt vore 20 tilsette i selskapet i 2023.

Note 6 - Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

	Varige driftsmidlar
Anskaffelseskost 01.01.	189 532 676
Tilgang i året	3 196 261
Avgang i året	0
Anskaffelseskost 31.12.	192 728 937
Samlede avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar	-55 870 520
Balanseført verdi per 31.12.	136 858 417
Avskrivningar, nedskrivningar og reverseringar av nedskrivningar i regnskapsåret	5 737 958

Note 7 - Gjeld og garantiplikter

	Beløp
Del av gjelda som forfell til betaling meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret	85.211.766
Gjeld som er sikra ved pant eller liknande sikkerheit i eigedelar	121.721.346
Balanseført verdi av pantsatte eigedelar	136.858.418
Sum av garantiplikter som ikkje er rekneskapsført	-

Gjeld til kredittinstitusjonar kr 121.721.346 er sikra med garantiar frå eigarane.

Minimumsavdrag

Selskapet har plikta til å rekne og betale minimumsavdrag.

	Mimumsavdrag	Beløp
A	Verdien av langsiktig gjeld	121.721.346
B	Verdien av avskrivbare anleggsmiddel	136.858.418
C	Avskrivningar i året	5.737.958
(A/B)*C	Minimumsavdrag	5.103.318

	Beløp
Betalte avdrag i året	8.910.866
Nye lån tatt opp i året	8.500.000

Selskapet har betalt monaleg meir enn minimumsavdraget i 2023.

Selskapet har ei unyttta låneramme ved utgangen av året på 5,3

Note 8 - Kundefordringar

	2023	2022
Kundefordringar til pålydande 31.12	2 425 370	1 935 601
Opptent ikkje fakturert inntekt	158 121	1 798 506
Avsetning til tap	-50 000	-50 000
Kundefordringar 31.12	2 533 491	3 684 107

	2023	2022
Årets konstaterte tap på fordringar	8 504	15 594
Tap på fordringar	8 504	15 594

Note 9 - Spesifisering av skatt

Skattekostnad	2023	2022
+/- Endringar i utsett skatt/utsett skattefordel	-125 143	57 210
Skattekostnad	-125 143	57 210

Skattepliktig inntekt		
Resultat før skatt	41 419	583 741
Permanente forskjellar	-1 411 746	2 090
+/- Endring i midlertidige forskjellar	-245 994	36 097
- Bruk av framførbart underskot	0	-621 928
Skattepliktig inntekt	-1 616 321	0

Mer om skattekostnad

Alle forhold knytta til skattekostnad kjem frå den skattepliktige næringsverksemda.

Note 10 - Midlertidige forskjellar - utsett skatt/ skattefordel

Utsett skatt/utsett skattefordel i balansen blir avsett på grunnlag av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i samsvar med norsk rekneskapsstandard for skatt.

Midlertidige skatteaukande og skattereduserande forskjellar som kan utliknast er nettoført.

Midlertidige forskjellar knytta til:	01.01.2023	31.12.2023	Endring
Anleggsmidlar	-511 801	-265 806	-245 995
Framførbart underskot	-856 909	-2 473 231	1 616 322
Netto forskjellar	-1 368 710	-2 739 037	1 370 327

Skattereduserande forskjellar som ikkje kan utliknast	1 368 710	2 739 037	-1 370 327
Sum midlertidige forskjellar som påverkar betalbar skatt	0	0	0
Utsett skatt 31.12.2023 basert på %	-477 445	-602 588	125 143

Alle forhold knytta til midlertidige skilnader og utsett skatt av dette er knytta til den skattepliktige næringsverksemda.

Note 11 - Fordringar

Fordringar som forfell seinare enn eitt år etter slutten av rekneskapsåret	760
--	-----

Note 12 - Sjølvkostfond og sjølvkostrekneskap

Skjema 23 frå Statistisk sentralbyrå (SSB) har som formål å samle inn data om kommunane sine gebyrinntekter og gebyrgrunnlag for tenester innan vatn-, avløps- og avfallsområdet, samt for plansaksbehandling, bygge- og delesaksbehandling, kart og oppmåling, og

Note 12 forts.

Kostnader	34.137.762	1.483.678
Kalkulatoriske rentekostnader (netto)	5.264.964	123.314
Avskrivningar	4.133.596	72.256
Sum kostnader/gebyrgrunnlag	43.530.322	1.079.248
Inntekter	37.779.974	1.410.495
Det finansielle resultatet for året	-5.756.348	-268.753

Sjølvcostfond er eit fond som blir oppretta for å balansere kostnader og inntekter knytt til tenester som det skal betalast gebyr for. Desse fonda blir brukt til å sikre at gebyrinntektene dekker produksjonskostnadene for tenesta. Fondet fungerer som ein buffer, og eventuelle overskot av gebyrinntektene blir avsett til sjølvcostfondet. På same måte skal eventuelle underskot finansierast frå dette fondet innan fem år etter at overskotet oppstod.

I oppstillinga under viser positive tal akkumulerte underskot, medan negative tal viser akkumulerte overskot. Ved utrekning av sjølvcostfondet er inntekter og kostnader i rekneskapet fordelt mellom slam, hushaldning og næring, og gjenspeglar aktiviteten mellom dei tre verksemdsområda.

	Sjølvcostfond hushaldning	Sjølvcostfond slam	Sum sjølvcostfond
Sjølvcostfond 01.01.	8.321.398	-1.835.829	6.485.569
Årets resultat overført til sjølvcostfond	-5.756.348	-268.753	-6.025.101
Alternativkostnad ved bunden kapital eller framføring av underskot	233.841	-84.640	149.201
Sjølvcostfond 31.12.	2.798.891	-2.189.222	609.669
Endring fond	-5.522.507	-353.393	-5.875.900

Med verknad frå 2023 er sjølvcostfond ikkje lenger del av egenkapitalen, men presentert som del av kortsiktige fordringar eller kortsiktig gjeld

Note 13 - Bankinnskot

	31.12.2023
I posten for bankinnskot inngår eigen konto for bundne skattetreksmidlar med	591 851
Skuldig skattetrekk	-591 851

Note 14 - Eigenkapital

	Opptent eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12 forrige år	20 260 853	20 260 853
Prinsippendringar og korreksjonar	-6 485 569	-6 485 569
Eigenkapital 01.01.2023	13 775 284	13 775 284
Årsresultat	-5 589 987	-5 589 987
Andre endringar	5 875 899	5 875 899
Eigenkapital 31.12.2023	14 061 196	14 061 196

Meir om eigenkapital

Frå og med 2023 er netto verdi av fond for slam og for hushaldning ikkje lenger ført mot eigenkapitalen, men ført som kortsiktig fordring eller gjeld avhengig av status.

15 Utleige/næringsverksemd i året

Selskapet driv ei verksemd med utleige som er rekna som næringsverksemd. Dette er ikkje definert under sjølvcostprinsippet, og vurdert å kunne gi skattepliktig overskot over tid.

Note 15 forts.

	2023	2022
Salsinntekt	5.998.011	6.033.192
Andre driftsinntekt	12.970	2.496
Sum driftsinntekter	6.010.981	6.035.688
Underentreprise	0	29.390
Lønnskostnad	1.399.206	1.530.967
Avskrivning	1.532.105	949.921
Andre driftskostnader	5.071.599	4.277.959
Sum driftskostnader	8.002.910	6.788.237
Driftsresultat	-1.991.929	-752.549
Finansinntekter	1.637.716	1.067.896
Finanskostnader	395.633	268.394
Sum finanspostar	2.033.349	1.336.290
Resultat før skattekostnad	41.420	583.741
Skattekostnad på ordinært resultat	393.692	-57.210

Melding frå Revisor

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr. 974 789 280 mva

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2023

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit underskot på kr. 5.589.987,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2023, oppstilling av investeringsutgiftene og finansieringa av desse samt notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje øvrig informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

Revisjon
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggssbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggest til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelersar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggssopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggssopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapaen, inkludert tilleggssopplysningane, og korvidt årsrekneskapen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Revisjon
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserar med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som gjev moderat sikkerheit knytt til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS si forklaring om vesentlege budsjettavvik enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå representantskapet sine premisser for bruken av løyvingane.

Basert på desse handlingane og innhenta bevis er vi ikkje kjent med forhold som gir grunn for å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare beskrivelse av styret og dagleg leiar sitt ansvar og revisor sine oppgåver ved uttale om utgreiing av vesentlege budsjettavvik vert det vist til www.nkrf.no/revisjonsberetninger – revisjonsberetning nr. 5

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Larsnes 20/3-2024

Halldis Moltu
Halldis Moltu

-statsautorisert revisor-

Årsmelding 2023

1. Styret

Styret har i 2023 vore slik samansett:

- Hallvard Bjørneset, styreleiar
- Anne Ellingsen, nestleiar
- Jon Helge Bjørndal, styremedlem
- Henriette Hafsaas, styremedlem
- Ove Myklebust, styremedlem og representant for dei tilsette

Det har vore gjennomført fem styremøte, og det er handsama 37 saker i 2023. Styret vore deltakande i strategiarbeidet i selskapet, m.a. gjennom ei eiga strategisamling for styret. Styreleiar og dagleg leiar samarbeider tett.

2. Representantskap

Representantskapet er samansett av åtte politisk valte personar, der dei to eigarkommunane har oppnemnt fire kvar. Jan Henning Egset har leia representantskapet i snart to periodar, og gjennom den rolla har han også møte- og talerett på styremøta. Det har vore gjennomført to representantskapsmøte i 2023 og det er handsama ni saker. Selskapet har ut over dei formelle møta ei løpande og god kontakt med selskapet sine eigarar, og i februar 2023 vart det gjennomført eigarmøte. Der deltok representantar både frå politisk og administrativ leiding i begge kommunane.

3. Eigartilhøve, selskapsform og formål

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS er organisert som eit interkommunalt selskap. Denne selskapsforma er regulert gjennom IKS-lova, som gjev føringar for korleis slike selskap skal riggast og drivast.

Det er Volda og Ørsta kommunar som eig VØR med like store andelar. Styringa og drifta av selskapet er regulert av selskapsavtalen (også kalla vedtekter), og der er formålet til selskapet også nedfelt. Selskapet har fått delegert eigarkommunane sine plikter knytt til hushaldsavfall og avløpsslam etter forureiningslova. VØR forvaltar og driftar såleis ei lovpålagd verksemd på eigarkommunane sine vegner. Verksemda i seg sjølv

er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav, og desse føringane kan selskapet i liten grad påverke.

Selskapet utarbeider ein strategiplan som vert årleg revidert, og i 2023 vart det verkeleg teke tak i dette i VØR. Det har skjedd vesentlege endringar i selskapet sine driftsføresetnader, og med det kjem behovet for å gjere opp status og sette ny retning. Det vart gjennomført eit grundig strategiarbeid, der ein involverte tilsette, styre og eksterne ressurspersonar i ein prosess som gjekk over fire månader. Planen vart sluttgodkjent av representantskapet, og den tydeleggjer både VØR sitt samfunnsoppdrag og den konkretiserer selskapet sine verdier. Samfunnsoppdraget er formulert slik: «VØR si samfunnsoppgåve er å handtere innbyggjarane sitt avfall så effektivt, miljøvenleg og verdiskapande som råd. Formålet er at VØR i lag med innbyggjarane syter for at avfallet er ein ressurs som kan brukast igjen og igjen. Slik bidreg vi til eit meir berekraftig samfunn.»

Fem fokusområde er peika ut, og kvar av dei har sine tilhøyrande hovudmål - som i sin tur er lagt til grunn for handlingsplanen for 2024-2027. Fokusområda er:

- Berekraft
- Klima og miljø
- Kvalitet
- Profesjonalitet
- Samarbeid

4. Selskapet si verksemd

Den operative drifta til VØR er regulert gjennom «Forskrift for handsaming mv av avfall og slamtøming Volda og Ørsta kommunar». Dette er ei lokal forskrift som regulerer korleis kjeldesortering, innsamling og transport av hushaldsavfallet og avløpsslammet skal føregå. Dagens forskrift er vedteken i 2019, og den er ikkje lenger tenleg i høve til dagens behov for raske endringar i tenester og tilpassing til krav. Det vert difor førebudd ein vesentleg revisjon av denne forskrifta, og i tråd med strategiplanen sine mål om samarbeid, vert den revisjonen planlagt gjort i samarbeid med fleire av naboselskapa.

Selskapet si kjerneverksemd er å gje eit renovasjonstilbod til abonnentane, samt å syte for tøming av private og offentlege slamavskiljarar. Desse to tenestene vert gjennomført til sjølvkost, og det vert ført separate rekneskap for desse to områda. Over- eller underskot vert balansert mot sjølvkostfond – eitt for hushaldsavfall og eitt for slam. I dei to kommunane er det i alt 22.000 innbyggjarar. Det samla talet på abonnement auka i 2023, til i alt 10.092 (mot 9973 i 2022). Av desse er 1946 abonnement som gjeld fritidshus (1917 i 2022).

VØR har frå 2023 ei drift som er delt mellom to lokasjonar. Alt avfall som VØR sjølv samlar inn frå abonnentane vert ført til det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet, før vidare transport til dei mottaksanlegga VØR har avtale med. Det same gjeld for ein stor del av det avfallet som vårt dotterselskap Retura Søre Sunnmøre samlar inn. På det gamle anlegget i Hovdebygda er der miljøstasjon og administrasjon, i tillegg til at dotterselskapet Retura Søre Sunnmøre er leigetakar der.

På Melsgjerdet vert alt avfall lagra og handtert innandørs i lukka hallar. Mat- og restavfall vert handtert i eit bygg der luktreinsing og reinsemd står i særleg fokus. Papir, plast og glas/metall vert handtert i ein annan hall, der det særleg er fokus på å ta vare på og forbetre kvaliteten i råvarene. På Grodås har VØR også ein liten miljøstasjon som er open ein kveld i veka. For dei som har fritidshus er det for tida 25 ulike stader i Volda og Ørsta der ein kan levere den typen avfall.

VØR samlar inn eller tek imot berre avfall frå privathushald, sidan det er dette som er omfatta av monopol-oppgåva. Retura Søre Sunnmøre tilbyr tenester til næringsverksemdar, og hovuddelen av deira aktivitet føregår på anlegget i Hovdebygda. Selskapa samarbeider for å oppnå kostnadsdeling på nokon tenester, utstyr og materiell. Stordriftsfordelar på kjøp og levering gir betre tenester og meir effektiv bruk av anlegg og utstyr, noko som er viktig for eit så lite selskap som VØR.

Eit døme er levering av farleg avfall, der samarbeid gir betre transportløysingar og meir rasjonell handtering. Det økonomiske og operative tilhøvet til Retura Søre Sunnmøre er nøyre regulert, slik at det ikkje skal forekome kryss-subsidiering mellom monopol og næring.

VØR vart sertifisert etter ISO 9001-standarden første gang i 2020, og i 2023 vart selskapet re-sertifisert for tre nye år. Landax vert nytta som kvalitetssystem, og der er rutiner og prosedyrer samla og lett tilgjengelege. Avvik kan registrerast og følgast opp på ein enkel og ryddig måte, også som app. VØR har avtale med Verify om sertifiseringstenester, og under resertifiseringa i 2023 vart det registrert to avvik, eitt mindre avvik og ein merknad. Avvik gjaldt innkjøpsrutinar og revisjonsprogram. Avvik vart lukka innan fristen. Selskapet opplever revisjonsprosessen som svært matnyttig. Det vil framover verte arbeidd med å vidareutvikle rutiane og å etablere kvalitetssystemet som ein naturleg del av arbeidskvardagen til alle i VØR.

Eit særleg sentralt mål for selskapet er å auke andelen av avfall som går til materialgjenvinning. På nasjonalt plan er målet 60% innan 2030, men i VØR sin nye strategiplan er det no fastsett at selskapet skal oppnå 65% materialgjenvinning i 2030. Og det er vi på god veg til: i 2022 var denne andelen på 56,4%, og i 2023 oppnådde VØR ein andel på heile 64,2%! Det syner at selskapet har gode ordningar og motiverte abonnentar. Og vi trur det skal vere råd å heve andelen enno meir gjennom forbetra sorteringsløysingar og betre avsetnadsordningar.

5. Arbeidsmiljø og likestilling

VØR har i 2023 hatt eitt tilfelle av personskade knytt til selskapet si verksemd. Ein sjåførvikar fall frå låg høgde på ein av renovasjonsbilane og fekk skade i ein fot. Hendinga vart ikkje granska av Arbeidstilsynet, men rutinene er internt gjennomgått på nytt. Det er også registrert ei hending inne på miljøstasjonen, der ein kunde fall i ein kontainer. Det oppsto ikkje personskade, men det er gjort sikringstiltak for å unngå at dette kan skje igjen.

Selskapet hadde i gjennomsnitt 20 fast tilsette i 2023, og i tillegg fleire ekstrahjelpere som bistår i sesong og feriar. Sjukefråveret i VØR har i året vore 7,9 %, noko som er ein nedgang frå 8,6 % i 2022. Men sjølv om sjukefråveret går ned, er fråveret i VØR framleis høgare enn bransjen elles, der det i 2023 var 5,9 % (sjå vedlegg). Det legemeldte korttidsfråveret i 2023 var på 1,9 % (1,0 % i bransjen elles) og langtidsfråveret var på 6,0 % (4,9 % i bransjen). Årsakene til sjukefråvere er naturleg nok samansette, og det er iverksett tiltak for å redusere omfanget av fråvere. VØR har ein relativt stor andel gradert sjukefråvere, noko som er positivt i høve til å få dei sjukmelde inn att i arbeid.

Det vart i juni 2023 igangsett ein organisasjonsprosess for å sette ei permanent og framtidsretta oppgåvefordeling. Det at ein frå 2022 gjekk frå ein til to lokasjonar for den daglege drifta har stor påverknad, likeins at selskapet over tid har hatt fleire mellombelse funksjonar og vakante stillingar. Selskapet har hatt relativt mange mellombels tilsette. Oppfølging og utvikling av rutinene våre har trong for meir fokus. Arbeidet med denne organisasjonsutviklinga vil pågå utover i 2024, og parallelt med det vert det jobba med å utvikle meir rasjonelle og framtidsretta rutiner og handteringsløysingar.

Selskapet arbeider også kontinuerleg med kompetanseutvikling blant dei tilsette. I oktober 2023 tok lærlingen vår fagbrev i gjenvinningsfaget, etter at VØR vart godkjend på nytt som lærebedrift. I 2024 vert det inngått lærekontrakt i gjenvinningsfaget med ytterlegare ein av våre mellombels tilsette.

VØR har avtale med Avonova AS om kjøp av bedriftshelsetenester. I tillegg til dei vanlege tenestene som dei utfører for selskapet, bidreg dei også i arbeidet med endringar og forbetringar saman med tillitsvalde, verneombod og leiing. I tråd med arbeidsmiljølova har bedrifta stadleg verneombod. I organisasjonsprosessen har Avonova bidrege, men først og fremst har den prosessen vore styrt av eit velfungerande trepartssamarbeid mellom tillitsvalgt, verneombod og leiing.

Selskapet legg til grunn at det skal

vere likestilling mellom kjønna, og det blir praktisert lik løn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine fem medlemmer, er to kvinner. Av selskapet sine 20 fast tilsette, er seks kvinner. Fem av desse er tilsette i administrasjonen. Bransjen har tradisjonelt vore mannsdominert, særleg i dei operative stillingane, men vi ser på landsplan ei gradvis betring. Selskapet ser gjerne ein auke i kvinneandelen, også i operative stillingar. Det er lagt til rette på begge lokasjonane, men det er ikkje iverksett særskilde tiltak i samband med likestilling. Selskapet legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Samlokaliseringa med dotterselskapet Retura Søre Sunnmøre er eit positivt bidrag her, både i høve til sosialt samarbeid og fagleg utvikling.

6. Miljø og klima

VØR spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet for å kunne rette fokus mot og legge til rette for gode og miljørette løysingar. VØR har i den nye strategiplanen fastsett at klima og miljø skal vere eitt av våre fem fokusområde, og det tilhøyrande hovudmålet er å minimere våre CO₂-utslepp og hindre skade på miljøet. Vi arbeider kontinuerleg med mange ulike miljøpositive tiltak i alle ledd av drifta vår, til dømes:

• Innkjøp og avsetnad

o Frå 1.januar 2024 skal klima og miljø vektast minst 30% ved offentlege innkjøp. Dette er VØR godt i gang med å implementere. Eit døme er at i den nye rammeavtalen for kjøp av dunkar vert det stilt krav om ein vesentleg andel returplast i dunkane.

o Vi stiller krav til våre leverandørar om å ta miljøomsyn når dei utfører tenester for selskapet. Eit døme er at det vert sett krav til avtalepart om at gips og trevirke frå miljøstasjonen skal gå til materialgjenvinning og ikkje energiformål. Dette gir også positivt utslag på selskapet sin materialgjenvinningsandel.

o Papiret som vert samla inn hos hushaldningane i Volda og Ørsta vert sendt sjøvegen frå Ålesund, framfor på lastebil når det skal til mottaksanlegget i Nederland. Sidan der ikkje er avsetnad for dette returpapiret innanlands, er dette ei god løysing.

- **Minimere påverknad på ytre miljø og risiko for at hendingar kan oppstå**

- o På anlegget på Melsgjerdet skjer all avfallshandtering innomhus, noko som syter for at vi eliminerer all påverknad på ytre miljø som lukt, flygeavfall og avrenning. På anlegget i Hovden er ikkje tilhøva like godt lagt til rette, og då er det desto viktigare å utvikle gode førebyggjande tiltak og driftsmåtar, som td redusert utomhus kverning. Det er i 2023 ikkje registrert nokon naboklager på verken lukt eller ureining frå nokon av anlegga.

- **Arbeide for å redusere miljøbelastninga frå drifta av selskapet**

- o Her er etablering av fleire nedgravne anlegg og derav mindre transport eit viktig ledd i arbeidet. VØR har ein jamt over ny bilpark i innsamlinga, men selskapet har til no ikkje funne det driftssikkert nok å byte renovasjonsbilane til batteri eller andre energikjelder. Ei utskifting av varebilane og dei to eldste renovasjonsbilane er planlagt utført i 2024.

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilbodet skal vere brukarvenleg, slik at det er så enkelt som råd å kjeldesortere og ta miljørette val. Tenestetilbodet i VØR er vel innarbeidd, fungerer i all hovudsak godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Vi fekk dette tydeleg stadfesta då vi i mars 2023 hadde revisjon i høve til kvaliteten på hushaldsplasten. Det vart då konstanterert at kvaliteten på plasten til VØR er på topp tre i landet! Det er svært viktig for selskapet og den vidare nyttinga at sorteringa vert rett på første forsøk. Når abonnentane sorterer rett, anten det er heime eller på miljøstasjonen, vert kvaliteten på råstoffet best, VØR får betre betalt og ein unngår å sette inn ekstra ressursar på ettersortering. Kvalitetskontroll vert løpande gjennomført i innsamlinga av papir og plast, og hausten 2023 vart det også gjennomført kvalitetskontrollar på dunkane med glas- og metallemballasje. Dette ser vi fungerer i kombinasjon med god informasjon.

7. Samfunnsansvar

Selskapet har fokus på å jobbe etter dei øvste nivåa i avfallspyramiden. Hovudmålet er at ein skal oppnå avfallsreduksjon og auka ombruk, samt mest mogleg materialgjenvinning av

det innsamla avfallet. Som før omtalt, ligg VØR langt framme i høve til andelen av avfallet som går til materialgjenvinning. Det oppnår vi mellom anna ved å følgje opp våre leverandørar med tanke på best mogleg utnyttning av avfallsressursane. Vi følgjer også opp vår eiga innsamling og handtering, slik at minst mogleg avfall går til forbrenning eller deponi.

Den nye strategiplanen vår peikar ut fem fokusområde: berekraft, klima og miljø, kvalitet, profesjonalitet og samarbeid. Alle desse fokusområda føreset at VØR tek samfunnsansvar i heile drifta vår. Særleg stiller det å vere ein profesjonell aktør krav til oss; både i høve til dagleg drift og i høve til framtidensretta val.

Selskapet legg vinn på å opptre ansvarleg innanfor område som arbeidsgjevarpolitikk og etikk. Vi følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd og er opptatt av å ivareta tryggleiken til dei tilsette og omgjevnadane våre. Selskapet har etiske retningslinjer som skal sikre at dei tilsette tek gode val, handlar i tråd med verksemda sitt verdigrunnlag og utviser vanleg folkeskikk. Gjennom selskapet si sertifisering etter ISO 9001-standard har vi eit kvalitetssikringssystem som set fokus på kundar, leiarskap, engasjement, prosess, medverknad og forbetring.

Openheitlova sitt formål er å fremje arbeidstilhøve og menneskerettar, i tillegg til å sikre samfunnet innsyn i dokument og saker som vert handsama. VØR som selskap er ikkje så stort at vi er pålagde særskilt rapportering, men krav om ordna tilhøve m.a. knytt til arbeidstakarrettar, skatteattest, juridisk dokumentasjon og HMS-system vert innarbeidd i alle tilbodsgrunnlag og avtalar. Det same gjeld krav om innsyn ved behov.

8. Økonomi og forklaring for vidare drift

Renovasjonstenestene som VØR utfører for hushaldningane blir i all hovudsak finansiert gjennom renovasjonsgebyr. Tilsvarande vert slamtøminga finansiert gjennom slamgebyr, men på dette området kjøper VØR alle tenestene knytt til den praktiske utføringa. Det blir ført eigne sjølvkostrekneskap for dei to tenesteområda, og det er eigne

sjølvkostfond for innbyggjarane i eigarkommunane. På denne måten vert intensjonen i regelverket fulgt opp: innbyggjarane betaler for det tenesta kostar – verken meir eller mindre.

Årsresultatet til VØR er eit underskot på kr. -5.589.987,-, noko som er kr 895.000 svakare enn det budsjetterte underskotet på kr – 4.694.690,-. Driftsinntektene har hatt ei positiv utvikling, der inntekta på 45,2 mill kr er 1,3% meir enn budsjettert. Driftskostnadane har derimot hatt ei meir negativ utvikling enn budsjettert. Auken der er på 3,4 mill kr, noko som tilsvarer 7,7%. Ser vi på kvar desse utgiftene fordeler seg, finn vi desse hovudfaktorane:

- Lønskostnadane har auka med 1,25 mill kr (+ 8,2%), noko som i sin tur har to hovudårsaker: sterk lønsvekst i årsoppgjeret (opp 5,2% mot budsjett 3,5%) og sterk auke i pensjonskostnadane. Pensjonskostnadane åleine auka med 1,22 mill kr (88,6%), og sjølv om det var budsjettert med ein viss auke, er dette langt meir enn forventa.

- Auke i andre driftskostnader med 2,88 mill kr (+ 12,7%). Hovudfaktorane her er den generelt sterke prisveksten i Norge i 2023, for lågt budsjetterte driftskostnader på Melsgjerdet og høge reparasjonskostnader på bilar, maskiner og utstyr. Driftskostnadane som er spesifikt knytt til anlegget på Melsgjerdet vart i 2023 på 1.15 mill kr. Reparasjonskostnadane knytt til dei to kvernene og hjullastaren i Hovden kom i 2023 på 1,04 mill kr, drivstoff ikkje medrekna.

Det er ikkje gjennomført budsjettendringar i driftsåret, men styret har vore løpande orientert om den økonomiske stoda og utviklinga.

Dei samla gebyrinntektene frå renovasjon og slam utgjer no 79,2% av selskapet sine samla driftsinntekter (ned 1,0% frå 2022). Dei andre inntektene kjem i hovudsak frå leigeinntekter (11,0%), salsinntekter på miljøstasjon (5,0%) og sal av ulike fraksjonar (7,6%). Av finansinntekter må eit aksjeutbytte på 1,47 mill kr frå Retura Søre Sunnmøre nemnast, då dette er eit svært godt resultat.

Ved årsskiftet er sjølvkostfondet på hushaldsrenovasjon på 2.798.891,-,

som er ein nedgang på kr 5.522.507,- i høve til forrige årsskifte, jf Note 12 i rekneskapen. Over- eller underskot på sjølvkostfond skal brukast eller dekkjast inn i løpet av ein periode på 3-5 år. For 2023 var det budsjettert med eit samla underskot for VØR med 4,7 mill kr, der det meste av inndekkinga skulle skje frå sjølvkostfondet for hushaldsrenovasjon.

Sjølvkostfondet på slam har negativ saldo på kr. - 2.189.222,-, som er kr 353.393,- mindre enn ved forrige årsskifte. Det er i 2024 hovudtømerunde, noko som inneber at utgiftene til tenestekjøp vert høge, men dette vert rekneskapsmessig balansert gjennom føring av påløpte gebyrinntekter. Det er viktig at det i den komande budsjett- og økonomiplanen vert lagt ein plan for å få dette fondet i balanse.

Det vert ført separat rekneskap for den delen av selskapet der det vert drive utleige og sal av tenester. Denne delen er skattepliktig, og i 2023 hadde denne delen eit overskot på kr 41.420,- før skatt.

Renovasjonsgebyret til VØR har over tid vore på eit lågt nivå, m.a. fordi selskapet har hatt rasjonell drift og låge investeringskostnader. Viktige fortrinn er bruk av sidelastar i innsamlinga, relativt rasjonell geografi og det at VØR i hovudsak har berre ein sentralt plassert miljøstasjon. Også inntekter frå sal av utsorterte avfallstypar samt leigeinntekter frå Retura Søre Sunnmøre AS bidreg positivt til driftsgrunnlaget i selskapet.

Vi ser no at VØR vil møte eit skifte i den økonomiske situasjonen, og med det har selskapet også behov for strategisk gode retningsval. Etableringa av det nye omlastingsanlegget på Melsgjerdet er eit hovudelement i dette skiftet. Med dette anlegget oppnår VØR ei framtidretta handtering av det innsamla avfallet, både i høve til ytre miljø, kvalitet på råstoffet og arbeidsmiljø for dei tilsette. Samstundes inneber denne investeringa på 124,3 mill kr at selskapet no har høg gjeld og med det også vesentlege kapitalkostnader. I tillegg genererer to separate anlegg ekstra driftskostnader og behov for doble funksjonar.

Parallelt med dette ser selskapet at vi vil møte fleire krav og behov som utfordrar selskapet sin økonomi på kort og lenger sikt:

- Oppgradering av anlegget i Hovden i høve til eit meir funksjonelt og trafikksikkert anlegg
- Aukande nasjonale krav, som t.d. kjeldesortering i fritidsrenovasjonen og innsamling av tekstil frå 2025.
- Aukande kostnadsnivå og aukande avgifter, td CO2-avgifta på avfall til forbrenning
- Aldrande maskin- og bilpark

Budsjettet til VØR for 2024 er balansert med bruk av heile sjølvkostfondet på renovasjon samt ein auke i renovasjonsgebyret på 9,5%. Det å ha eit positivt sjølvkostfond har fungert som ein buffer, slik at for brå endringar i gebyrnivået har vore unngått. Frå 2025 vil ikkje selskapet ha denne bufferen. For å rigge selskapet økonomisk for 2025 og dei etterfølgande åra, er det såleis viktig å gjere framtidretta og gode grep i drifta no, samstundes som at ytterlegare auke i gebyra både for renovasjon og slam må påreknast. Selskapet meiner at vi gjennom strategiarbeidet for 2024-27 har kome godt i gang med tiltak for å gjere drifta meir rasjonell og framtidretta.

Etter styret si meining gir den framlagde resultatrekneskapen og balansen saman med notar, god informasjon om drifta og situasjonen ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande, og at årsrekneskapen gir eit rett bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er låg. Tap på krav er lågt, og inntektene frå utleige og sal framstår som stabile og med låg økonomisk risiko. Det har ikkje kome fram tilhøve etter årsskiftet som har betydning for vurderinga av årsrekneskapen for 2023. VØR er organisert som eit interkommunalt selskap, noko som i praksis inneber at selskapet ikkje kan gå konkurs, jfr § 3 i IKS-lova om deltakaransvar.

Føresetnadane for framleis drift er til stades, og årsrekneskapen for 2023 er sett opp under denne føresetnaden.

9. Framtidsutsikter og planlagde endringar

Utviklinga med høgare driftskostnader og forventa negativt sjølvkostfond frå 2025, gjer at selskapet må gjere strategiske grep. Selskapet har gjennom strategiarbeidet for 2024-27 kome godt i gang med tiltak for å gjere drifta meir rasjonell og framtidretta. Og parallelt med at det økonomiske grunnlaget må sikrast, må også tenestene og arbeidsmåten utviklast. Stategiplanen peikar ut fem fokusområde for VØR framover: berekraft, klima og miljø, kvalitet, profesjonalitet og samarbeid. På alle desse områda er VØR godt i gang med konkrete tiltak som både vil utvikle drifta og tenestene, men også syte for betre økonomi og betre utført oppdrag. Fornying av bil- og maskinparken, utfasing av kverning i eigen regi, redusert manuell sortering og kompetanseheving i organisasjonen er alle tiltak som ikkje berre har positiv økonomisk effekt, men også positiv miljømessig effekt.

Utviklinga i bransjen framover vil omhandle utsortering av fleire fraksjonar, meir fokus på avfallsreduksjon og ombruk, digitalisering og fokus på smarte og kortreiste løysingar. Vi får ei utvikling mot ei meir kompetansekreivande drift, og dette tek selskapet høgde for i organisasjonsarbeidet som vart starta i 2.halvår i 2023 og som framleis pågår. Selskapet ser per i dag ikkje at tilhøva ligg til rette for å samlokalisere heile drifta til VØR på Melsgjerdet. Lokasjonen er ikkje tilrettelagt for dette, det vil innebere lenger køyring for mange brukarar og det vil ikkje gje vesentlege fortrinn i høve til det ein misser. Selskapet tek difor utgangspunkt i at selskapet vil ha drift på to lokasjonar i framtida.

Avfallsbransjene er inne i ei rivande utvikling. Den vil krevje kapasitet og kompetanse i organisasjonen, men også at selskapet har eit breitt samarbeid med eigarkommunane, lokale aktørar, dotterselskap og nasjonale organ. Det er ein god kultur for samarbeid i bransjen, og VØR ynskjer å bidra til å vidareutvikle dette. Det er særleg naturleg og nyttig med samarbeid og samhandling med naboselskapa våre. VØR er eit lite selskap i nasjonal samanheng, så for å

sikre det framtidige driftsgrunnlaget, er det viktig å oppnå stordriftsfordelar der ein kan. Felles innkjøp og avsetnadsløysingar vert etablert på fleire område i tida framover. I samarbeid med nokre av naboselskapa, vart det lenge arbeid for å etablere produksjon av biogass på Melsgjerdet. Det vert ikkje lenger arbeid med desse planane, men ein ser no på andre samarbeidsformer mellom naboselskapa, også knytt til handteringa av matavfall.

10. Eigarstyring og selskapsleiing

VØR forvaltar og driftar lovpålagde oppgåver og ordningar på vegner av eigarkommunane. Desse oppgåvene er i sin tur knytt til nasjonale og internasjonale mål og føringar. Selskapet sine prioriteringar er i stor grad påverka og styrt av desse føringane. Styret har gjennom 2023 saman med administrasjonen jobba

for at selskapet skal ha ei god organisering og leiing – både opp mot selskapet si noverande drift, men ikkje minst mot det framtida krev av selskapet. Nye tiltak og endra arbeidsoppgåver gjer at det i åra framover vil vere trong for kompetanseutvikling og handlekraft. Styret vil difor løpande vurdere selskapet sin organisasjon opp mot dei oppgåvene selskapet skal løyse, slik dei er nedfelte i den nye strategiplanen.

Det er teikna forsikring for styret og dagleg leiar sitt ansvar.

11.Arbeidsåret 2023

Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2023 har vore eit spennande og krevande år for VØR, med innkøyring av det nye anlegget på Melsgjerdet, utvikling av nye rutinar og strategiar og ikkje minst: det å utvikle og sette ein ny og framtidsretta organisasjon. Utan stor innsatsvilje og høg lojalitet i heile organisasjonen, hadde vi ikkje kome så langt som vi har gjort.

Dei tilsette utfører ei svært viktig samfunnsoppgåve, og dei skal ha ein stor del av æra for at selskapet har stor tillit og godt omdøme lokalt.

Vedlegg:
Måloppnåing vedk avfallsmengder 2023
Sjukefråvere

Hallvard Bjørneset
Styreleiar

Anne Ellingsen
Nestleiar i styret

Henriette Hafsaas
Styremedlem

Ove Myklebust
Styremedlem valgt
av dei tilsette

John Helge Bjørndal
Styremedlem

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar



Vedlegg - måloppnåing 2023

VØR sine tal for 2023


Nedstrømsløsning	2023 i tonn	2023 i prosent
Ombruk*	75	
Materialgjenvinning**	4432	64,2
Energigjenvinning	2337	33,8
Deponi	139	2
Total mengde avfall frå private	6908	100

* Tekstil blir ikkje rekna med i materialgjenvinningsgraden eller rekneskapen til VØR. Dette er mengder som er samla inn av ulike aktørar i kommunen (som t.d UFF og Fretex).

**Ved KOSTRA-rapportering blir ikkje slam tatt med i rekneskapen for materialgjenvinning. I vårt rekneskap er denne med, difor 64,2% materialgjenvinning. Utan slam er resultatet 62,9%.



Materialgjenvinning
VØR vs landet og nasjonale mål



Vedlegg - sjukefråværet



- Virksomhet: VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
- + Overordnet enhet: VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
- ◆ Bransje: Innsamling, behandling, disponering og gjenvinning av avfall
- ▲ Sektor: Kommunal forvaltning
- Norge

